

Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesrådmann

15.mai 2014

OPPSTART AV SELSKAPSKONTROLLAR – HARDANGERBRUA AS OG FASTLANDSSAMBAND HALSNØY AS

Deloitte vil i samsvar med utarbeidd prosjektplanar og bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, starte opp selskapskontroll av Hardangerbrua AS og av Fastlandssamband Halsnøy AS. Kontrollutvalet har bestilt selskapskontrollane som to separate prosjekt, men for å effektivisere informasjonsinnhentinga vil vil gjennomføre ei felles datainnsamling for desse to prosjekta så langt dette let seg gjere.

Føremålet med selskapskontrollane er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS. Vidare er føremålet med selskapskontrollane å undersøke om Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Revisjonen vil hente inn dokument frå Hardangerbrua AS, Fastlandssamband Halsnøy AS og Hordaland fylkeskommune for å belyse problemstillingane i prosjekta.

Revisjonen ber om å få sendt over følgjande dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune:

- Alle politiske saker av relevans for eigarstyringa av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS dei siste tre åra
- Rutinar/retningslinjer for fylkeskommunen si oppfølging av selskapa
- Andre dokument som fylkeskommunen vurderer som relevant i samband med selskapskontrollane

I tillegg ber revisjonen om ei kort skildring av følgjande:

- korleis Hordaland fylkeskommune organiserer eigarstyringa av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS (inkl. namn og kontaktinformasjon til tilsette med ansvar for oppfølging av selskapet)
- korleis Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS rapporterer til fylkeskommunen og rutinar for kommunikasjon (t.d. faste møtepunkt)
- praksis for gjennomføring av eigarmøte med selskap

Vi ber om at vi får sendt over dokumentasjonen seinast innan **fredag 30.mai**. I den grad det er etterspurte dokument som ikkje er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune, er det fint om det blir opplyst særskilt om dette.

Revisjonen vil på eit seinare tidspunkt gjennomføre intervju med representantar frå selskapa og fylkeskommunen.

Revisjonen ber om at Hordaland fylkeskommune så raskt som mogeleg oppnemner ein kontaktperson for selskapskontrollen som revisjonen kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument og organisering av intervju.

Eventuelle spørsmål om selskapskontrollen kan rettast til prosjektleiar Stine Karoline Olsen på tlf. 984 39 606, eller per e-post til stiolsen@deloitte.no.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Stine Karoline Olsen